

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[**788**] N-23177 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 150f, 156; 1988b: 22; 1988c: 54, 60; 1990b: 18; Seim 1989: 336; NIyR VI: 124, omtala som A135; Christophersen 1998: 27).

Innskrifta står på eit eigarmerke av tre, spissa til i båe endar med innskorne hakk som dannar ein uferdig kross i eine enden. Det er 134 mm langt, med eit største tverrsnitt på 22 x 8 mm. Merket vart funne i 1974, felt FE i hovudfase 7/8, som arkeologisk er tidfest til perioden mellom ca. 1175 og 1275.

Det er runer på ei av breisidene, og innskrifta tek til i den enden som ikkje har innskorne hakk. Ho er 45 mm lang og runene 20-21 mm høge. Skiljeteiknet etter r. 5 har tre punkt. Kvisten på r. 5 er nesten heilt borte på grunn av ein skade i merket, men likevel er sikker nok. Bogen er elles open og nokså skarpt vinkla.

Y N T I R : I

k u n a r : a

Gunnarr á. `Gunnar eig'.

Gunnarr er, ved sida av *Árni*, det mest frekvente namnet i tilfanget av merkelappar frå Trondheim og Bergen med til saman 7 belegg kvar i det materialet vi kjenner til no. Skrivemåte med **k** finst i 5 av desse, både på merke som er arkeologisk tidleg og seint daterte i tilfanget (jf. N698 og 701).